



Nynorsk kultursentrum

Prinsippet makt

Jubileums- og avskilstale
ved 25-årsjubileet for Nynorsk kultursentrum
Ivar Aasen-tunet 28. september 2018



Ottar Grepstad

© 2018 Ottar Grepstad

Framsida

Ottar Grepstad under talen 28.9.2018. Foto Svein Olav Humberstet

Publisert på Aasentunet.no, Haugesenteret.no, Vinjesenteret.no og Allkunne.no
29. september 2018

Komplett versjon med supplerande og utdjupande fotnotar blir publisert i boka *Skriftkultur, Tidssignal frå det 21 hundreåret* på Samlaget 1. november 2018

ETTERPÅ KUNNE INGEN SEIE for sikkert kven som ropte det først.

Det var regn i lufta denne milde junikvelden. Frå storhavet dreiv skyene innover mellom fjella, grønfargane blafra i brisen, og dei som skulle ut denne kvelden, forstod at dei måtte kle seg etter vêret, om ikkje anna, så var hatten god å ha. Denne kvelden skulle mange ut, fleire enn vanleg. I den eine byen etter den andre mobiliserte folk til protestmøte mot eit språkvedtak sentralmakta hadde gjort. No var turen komen til byen i det grøne. Der skulle styresmaktene dagen etter ta stilling til eit lokalt framlegg.

Frå avisspaltene har ord og overskrifter ropt i vekevis. Avgjerda sentralt og framlegget lokalt var åndeleg forkrøpla, vitna om halvkultur, representerte tyranni. «Vi skjemmest av at vi hyser slikt folk innanfor landegrensene», kontra ei lita avis under overskrifta «Kolonistane». Avisa støtta utan atterhald avgjerda til sentralmakta og hadde sett seg lei på den lokale motstanden.

I tre tog marsjerte folk frå ulike delar av byen inn mot den gamle jernbanestasjonen. Der hadde fleire tusen feira 1. mai same året, og denne kvelden blei det like trengt. Arrangøren meinte at mellom 20 000 og 30 000 hadde møtt opp. Den største avisa i byen sympatiserte med dei frammøtte og rekna seg fram til over 20 000. Reportasjen dagen etter fylte halve framsida, eit stort bilete av folkemengda resten. Lokalkjende såg av biletet at så mange som 20 000 kunne ikkje ha vore der. Avisa som fordømde kolonistane, meinte at 4000–5000 hadde møtt fram. 10 000, sa ordensmakta.

På slaget halv ni om kvelden tok protestmøtet til. Ein bankmann harselerte over framlegget til språkendring, som ville vere å skru klokka mange hundre år tilbake. Mange framande hadde flytta til byen, men alle har blitt gode byborgarar, alle unnateke fanatkarane, sa han. Ein leiande embetsmann i skuleverket elda opp publikum som best han kunne – og det kunne han. På eit møte få dagar før hadde han oppmoda folk til å bruke røystesetlane sine ved parlamentsvalet året etter til å

kvitte seg med reformtilhengarane. Skulle der elles vere nokon som ville gjere det på andre måtar også, så gjerne for meg, hadde han sagt.

Etterpå var det sinne i lufta. Dei fleste gjekk kvar til sitt, mange nok var att. La oss gå til avisa, var det nokon som ropte. På veg dit la dei fleste vegen bortom to kafear der dei visste at tilhengarane gjerne heldt hus. Nedanfor ein kafé i andre etasje ropte dei på styreformannen. Ingen frå styret var til stades, og inne i kafeen var det berre to gjester. Den eine av dei gjekk ut på altanen og spytta ned. Fleire ville opp og ta han, men blei stoppa av vaktmeisteren, og så kom politiet.

I staden gjekk folkemengda vidare til avisa. Nokon hadde gått dit med ein gong, og no når klokka var blitt 21.45, var fleire hundre menneske samla utanfor. Innanfor dei store vindaugsrutene var to setjarar travelt opptekne med onsdagsavisa. Einkvan røska laus eit mindre vindauge og kylte det inn gjennom spegelglasruta ved inngangsdøra. Ein brande av ein kar reiv ned ei utstillingskasse frå veggen og slengde den same vegen. Ein setjemaskin like innanfor blei treft, men kom frå det med små skader.

Singlande glas, steinar gjennom lufta, glasbitar skarpe som skrik. Ein stein treffer den eine typografen i ansiktet der han står og ringjer etter politi. Vegen for politiet er kort, men det tek si tid, og då politiet er på plass, har dei fleste gått. Mange nok er likevel att til at politiet bruker makt for å spreie folkemengda. Ti personar, den eldste er 28, blir arresterte og køyrde til politistasjonen. Utanfor blir eit par tusen ståande og rope slagord, ikkje alle nøyer seg med rop, og tre–fire politifolk blir skadde før folkemengda er spreidd.

I mellomtida har ei gruppe teke seg inn på jernbanestasjonen og hengt eigne oppslag over skilta. Oppslaga er på eit anna språk, eit som dei ikkje vil vite av. Etter folkemøtet samla mange seg utanfor redaksjonslokala til den største avisa i byen. Dei har ikkje planlagt kva dei no skal gjere, men dei veit kvar dei høyrer heime. Tysdag kveld 18. juni 1929 står ein flokk og syng «Jeg tog min nystemte Cithar i Hænde» utanfor Bergens Tidende. Bortanfor Mariakirken i den majestetiske murbygningen i

Nye Sandviksvei 10 er alle spegelglasrutene i første etasje knuste fordi Gula Tidend meiner noko anna enn fleirtalet om språket i landet og namnet på byen.

Ein halvtime over midnatt fell Bergen til ro.

Neste dag gjeld det å pynte seg. Kronprinsparet har gifta seg tre månader tidlegare, søndag kjem dei på besøk, og butikkane har framleis antrekk til kronprinsballet å selje. Før helga er skadene i avisa utbetra, men det er ikkje som om ingen ting har hendt.

I 1929 HADDE DET GÅTT NÆR ÅTTI ÅR sidan sist nokon gjekk til fysisk åtak på ei avis i fredstid her til lands. Sommaren 1851 var åtaksmålet Arbeiderforeningens Blad, redigert av Marcus Thrane. Redaktøren og fleire til blei arresterte, men Morgenbladet nøgde seg med ein notis. Bergens Tidende såg ikkje noko åtak på pressa denne tysdagen i 1929, berre eit taktisk uheldig påfunn av unge, ustyrlige: «Desværre foranstaltet endel unge mennesker enkelte ekstrademonstrationer efterpå.» Det bør vere klart for alle, skreiv avisa mildt, «at pøbeloptøier langt fra gagnar en god sak, tvertom».

Det var unge riksmålsfolk som gjekk til åtak på Gula Tidend i Bergen. Striden stod om namnet på byen. Dagen etter skulle formannskapet ta stilling til eit forslag frå Bondeungdomslaget Ervingen om å endre bynamnet til Bjørgvin. Det namnet var dokumentert brukt frå 1343, men gradvis mindre utover 1800-talet. Den fortyska forma Bergen var blitt vanleg i bruk frå slutten av mellomalderen, i den fleirspråklege hansatida.

Med høgre handa i vêret hadde folkemøtet slutta seg til ei kort fråsegn: «Masse møte av bergensere, tusener av kvinner og mænd, kræver av Bergens formandskap, at der ikke klusses med vort bynavn. Bergen skal byen hete.» Slogordet hadde Bergens Tidende lansert laurdagen før folkemøtet. Formannskapet vedtek samrøystes å leggje bort framlegget.

Det var i dei dagar det ikkje var plass til kva bynamn som helst. Fredagen før hadde det vore ein stor demonstrasjon i Trondheim mot at byen skulle kallast

Nidaros, og dagen etter aksjonen i Bergen tok innbyggjarane i Kristiansund stilling til spørsmålet om byen skulle heite Kristiansund eller Fosna. Med 57 mot 54 røyster hadde Odelstinget vedteke at Trondhjem skulle heite Nidaros. Det såg ut som ønsketenking, for ei folkerøysting hadde gitt 17 163 røyster for Trondhjem og 1508 for Nidaros. Etter mange opprørske aksjonar og fire nye vedtak i Stortinget heitte byen Trondheim frå mars 1931. Strid var det også då Kristiania blei Oslo frå 1924, men det var ein verbal strid.

Der og då gav åttaket på pressa i 1929 store oppslag, men dei forsvann inn i gløymeboka og blei verande der i over åtti år.

Korleis var det mogleg? Gula Tidend laga sine jubileumsnummer og si jubileumsbok, men nemnde ikkje denne *hendelsen* seinare. Ingen andre heller. Nada. I pressehistoriene har ein vore nøye med å fange opp konflikhtar og aksjonar som bortanfor all rimeleg tvil kan forståast som åtak på presse- og ytringsfridomen. «Stenkast mot 'Gula Tidend's lokaler», skreiv Aftenposten i ein undertittel, og det var det. Demonstrasjonstoget som spora av i Bergen, forsvann inn i stilla. Målrørsla har journalført si eiga historie ganske så grundig, og Bergens-aksjonen kunne brukast både språk- og minnepolitisk, berre nokon hugsa det som skjedde. Var det for vanleg? For lite?

Mange ville ha ei minnepolitisk interesse av å kunne bruke hendinga i Bergen til å fremje verdiar og interesser i samtida. Å minnast er også å gløyme, både det ein ikkje vil hugse, og det ein ikkje bør gløyme. Bergen 1929 er berre eit steinkast unna Damaskus 2006.

LAURDAG 4. FEBRUAR 2006 sette islamistiske aksjonistar i Damaskus fyr på den danske ambassaden som hyste både den svenske, den chilenske og den norske ambassaden – den norske blei totalskadd. Hausten 2005 hadde den danske avisa Jyllands-Posten publisert 12 teikningar av Muhammed. Danske Kurt Westergaard hadde teikna profeten med truvedkjenninga på turbanen, forma som ei bombe med tend lunte. Fleire norske aviser trykte faksimil av teikningane.

«Med vårt blod og våre sjeler skal vi forsvare deg, Guds profet», skal demonstrantane ha ropt. Då eg såg tv-reportasjen frå Damaskus den laurdagskvelden, slo det meg at dette er ein annan måte å løyse konflikhtar på enn nordmenn er vane med. Kvifor var det slik? Det handla om å bruke makt, men ein annan type makt enn den som no var legitim å bruke i slike konflikhtar i Noreg.

Denne enkle tanken tok snarvegen til makta. På oppdrag frå Kulturdepartementet blei dokumentet «Makt, språk og demokrati» skrivne vinteren 2006–2007. Det var tenkt til å vere eit kapittel i den stortingsmeldinga om språkpolitikk som regjeringa Stoltenberg då arbeidde med. Slik blei eit første forsøk på å formulere den norske røynsla i tre enkle avsnitt med i teksten frå skuggeskrivaren:

«Møte mellom ulike kulturar og verdiar kan både skape positivt mangfald og konfliktfylte situasjonar. Dei kulturelle møta mellom Vesten og islam har særleg i seinare år utløyst mange sterke og brutale reaksjonar, og muslimar har markert tydeleg kva dei opplever som krenkjande handlingar. *Desse krenkingane kjem som følge av mangel på respekt og forståing, og dei representerer bruk av fleirtalsmakt eller ideologisk makt. Slike konflikhtar finst også på det språklege området.*

Frå samtida, men særleg frå fortida, finst det mange døme på at nynorskbrukarar er blitt sjikanerte, trakasserte, latterleggjorde, mobba for den norske målforma. Dei enkelte hendingane kan ha vore ganske uskuldige meiningsbrytingar, men summen av dei gir eit dystert bilete av intoleranse og maktmisbruk, særleg andsynes dei nynorskbrukarane som identifiserer seg sterkt med målforma si. Frå tid til anna har motstandarar av nynorsk sett fyr på nynorske bøker. Slike bokbål er symbolske handlingar som i sin konsekvens søkjer å fjerne den målforma bøkene er skrivne på. Den norske språkstriden har til tider vore intens, men til skilnad frå mange språkkonflikhtar i andre land har den norske språkstriden aldri ført til at dei som er mindretal, har brukt ikkje-demokratiske verkemiddel. Nynorskbrukarane har aldri svara på kritikk og åtak med anna enn demokratiske verkemiddel. Dei har verken knust ruter, sett fyr på hus, truga folk på livet eller brukt fysisk vald.

Gjennom eit heilt hundreår har nynorskbrukarane altså vore med og vist korleis kritikk kan møtast og kulturelle konflikhtar kan løysast på demokratisk vis. I den nordiske velferdsstatsmodellen er slike demokratiske konfliktløysingsmodellar ein hjørnestein. Her har mindretalet vist fleirtalet kva verdiar som er viktige. Språkstriden har altså vore med og vist korleis konflikhtar kan løysast fredeleg. Usemje er bra for demokratiet, og språkstriden har difor vore eit demokratisk gode.»

PRINSIPPET MAKT er å skape eller å nytte høve til å bruke makt for å skape endring på rettsstatens vilkår og gjennom normene for meiningsbryting i det liberale demokratiet. Dette prinsippet formulerer dei legitime formene for maktbruk. Det handlar ikkje om å skape endringar som kan vare. Dette er eit pragmatisk prinsipp der pragmatismen handlar om tilpassing til tid og høve. Ein kan snakke saman, røyste ved val, kjøpe røysterett til generalforsamlingar i selskap, gjere vedtak, felle domar, men ikkje skade, øydeleggje, drepe.

Der makt blir brukt, kan det bli konflikt, og der det er konflikt, blir makt brukt. Om ein konflikt primært er politisk, økonomisk, sosial, etnisk eller kulturell, kan vere vanskeleg å slå fast, men på overflata er ein språkkonflikt som regel ein kulturkonflikt. Åtaket på den frie pressa i Bergen i 1929 høyrer til i den mappa. Språkkonflikhtar kan nok bli brukte i større konfliktmønster og tene til å fremje visse interesser og posisjonar som har lite med språk å gjere, og språk er både ein grunnleggjande infrastruktur i eit samfunn og ein del av kulturen i samfunnet. I freds- og konfliktforskinga går slike kulturkonflikhtar gjerne for å vere mindre djuptgripande og enklare å løyse enn andre konflikhtar. Analysane av desse blei stort sett tenkte og skrivne før 2000-talet, og eg finn få haldepunkt for at dette stemmer.

Lesarbrev, Facebook-aksjonar, pipekonsertar, demonstrasjonstog er ikkje å bruke vald. Noko heilt anna er det å setje fyr på bygningar eller på anna vis skade motparten. På kulturfeltet har det å brenne skrifter vore ein klassikar. Ein av herskarane i det kinesiske Qin-dynastiet sette brenning av skrifter i system i 213 f.Kr. Etter kyrkjemøtet i Nikea i 325 e.Kr. gav keisar Konstantin den store ordre om

liknande bål. Heile biblioteket i Alexandria blei øydelagt på den tida, men kven som gjorde det, er uvisst. Dei såkalla spanske oppdagingsreisande brende mengder av skrifter frå aztekarane på 1500-talet. Den 14. juni 1601 brende den katolske kyrkja offentleg bøker og manuskript på hebraisk i Roma. Noko av det første dei tyske nasjonalsosialistane gjorde då dei greip makta i 1933, var å brenne bøker. Noko av det første unge nordmenn tok til å gjere i etterkrigstida, var også å brenne bøker. Nürnberg-domstolen hadde knapt felt sine domar før ein del bokmåselevar gjorde det å brenne nynorskbøker etter examen artium til eit ritual.

Ritualet steig opp frå oska sommaren 2005, atter i Bergen. Under stortingsvalkampen kasta den 22 år gamle Høgre-politikaren Harald Victor Hove Alf Helleviks *Nynorsk ordliste* i eit brennande oljefat med orda «Dette er mitt sidemål». Bokbrenninga skulle brukast i ein reklamefilm til valkampen. Det blir god tv av slikt, sa han etterpå. NRK Dagsrevyen viste bålet, lokal- og riksaviser dekte saka, men filmen blei aldri brukt i valkampen. Reaksjonane var for sterke, og han forstod dei. Hove bad seinare om orsaking for det han hadde gjort, las ikkje lenger kommentarfelta i nettavisene og ville i 2018 ha nynorsk som administrasjonsspråket i fylket Vestland.

Kva det handla om i Bergen sommaren 1929, hadde skuleinspektør Einar Greve presisert i ein tale i handverkarforeininga nokre dagar før folkemøtet. Alt som var av målfolk, skulle røystast ut av styre og stell i byen. «Skulde her elles vera nokon som vilde gjera det på andre måtar ogso, so gjerne for meg», la han til. Han var bystyremedlem i 35 år og formann i Riksmålsvernet då han sa det. Dette er blodig alvor, hadde han ropt frå talarstolen under folkemøtet. Etterpå vaska han sine hender og heldt seg ansvarslaus for åtaket på ytringsfridomen.

Å brenne manuskript og skrifter som berre fanst i få eksemplar, var ei gjerning som ikkje kunne rettast opp. Å brenne bøker som er trykte i store opplag, er symbolpolitisk vald. Den som i si forakt for andre brenner ordbøker eller ordlister, utryddar symbolsk eit språk og fjernar ein kulturtradisjon. Det er ikkje tvilaren som

set fyr på bøker og verda. Det gjer berre den som er brennsikker på at han og ingen andre har rett.

Papir brenn om lag ved Fahrenheit 451. Der ligg målestokken for konfliktnivået i eit samfunn. Den som brenner skrifter, brenner språket og tankane i dei skriftene. Den som brenner språket og tankane, brenner menneska som tenkte det dei gjorde på det språket som var brukt i dei skriftene som blei brende.

I den digitale kvardagen er der ingen slik konfliktmålar. Berre tre ropeteikn. Lik! Del! Hat!

DET HANDLAR OM EVNA til makt. I vår tid er det tydelegaste uttrykket for at nokon har makt, at dei maktar å seie at dei ikkje har makt. Det burde seie seg sjølv at den som vil endre noko i samfunnet, søker makt for å oppnå det. Å utøve makt er ei grunnleggjande politisk ferdigheit uavhengig av styreform.

Alt dei to første nynorskbrukarane søkte tidleg makt. Med stor konsekvens prøvde Ivar Aasen ut kor langt han kunne nå med skriftleg argumentasjon om språklege rettar basert på Grunnlova. Aasmund Olavsson Vinje dreiv fram den første språkpolitiske fellesskapen av folk som ville fremje det nynorske skriftspråket. Andre gjekk på preikestolen, valde talarstolen i parlamentet, bygde meiningsdannande arenaer dei sjølve kontrollerte, gjekk inn i klasseromma, vedtok reformer dei sjølve hadde føreslått, fastsette korleis den språkpolitiske makta skulle utøvast lokalt og nasjonalt, og dei dikta språket inn i framtida.

Dei brukte makt, ikkje for å gjere ein forskjell på amerikansk, for å skape endring på norsk, og utløyste konfliktrar som sette dei i stand til å bruke meir makt. Nynorskbrukarane møtte gateslagsmål, bokbål og verbal forakt med argument, organisering og mobilisering for demokratiske prosessar. Det spesielle ved den norske språkstriden er ikkje at det har vore konflikt, men at konfliktnivået har vore lågare enn i mange andre land. Nokre menneske er blitt skadde, ingen har mista livet, ingen bygningar blei brende.

Eg trur den viktigaste forklaringa ligg i tilgangen til makt. Alt frå 1860-åra etablerte tidlege nynorskbrukarar miljø med kort veg til formelle og uformelle maktposisjonar i det unge norske demokratiet. Frå 1890-åra skipa dei formelle, riksdekkjande medlemsorganisasjonar, men parallelt med dette tok uformelle grupper form, grupper som kunne manøvrere smidigare enn store organisasjonar. Ei offentleg forvaltning var under oppbygging, og den forvaltninga skulle fyllast med innhald, ikkje berre folk, men oppgåver og løysingar.

Målfolk organiserte seg ikkje nasjonalt før Noregs Ungdomslag blei skipa i 1896, og riksmålsbevegelsen blei bygd opp frå 1899. Då var rettsstaten og dei demokratiske prosessane alt etablerte gjennom lovvedtak i 1885 og 1892. Frå første stund blei den norske språkstriden regulert og kanalisert gjennom rettsstaten og folkevalde organ lokalt så vel som nasjonalt. Det fjerna ikkje konflikten, men minka konfliktnivået, og det gjorde orda viktigare enn gjerningane, ukvemsorda viktigare enn ugjerningane. Den demokratiske rettsstaten fremja ein ikkje-valdeleg språkstrid som styrkte den demokratiske rettsstaten.

Der er ein demokratisk dynamikk i dette. Sterke demokratiske institusjonar og ein rettsstat gjer det lettare å løyse konflikhtar utan vald, og konfliktløysing utan vald styrkjer rettsstaten og dei demokratiske institusjonane. Slikt kan berre skrivast med eit atterhald. Fråværet av fysisk maktmisbruk fjernar ikkje verbal maktmisbruk. I den verbale norske kvardagen har der vore nedlatande arroganse, openberr sjikane, grov hets, brutale overtramp. «Til Gula! Til Gula!» hadde einkvan ropt i folkehopen i Bergen.

Det hadde vore på sin plass å kle seg i offerrolla. Historiene og forteljingane finst, men den som har lese seg gjennom mengder av språkdebattar gjennom 150 år, blir først og fremst slått av det som ikkje står der. Nynorskbrukarar flest har vore så opptekne av å bruke prinsippet makt at dei har sett meir etter utvegane for endring enn etter veggen av ukvemsord. Norma har vore at hatet mot språket ikkje er eit argument. Gateslaget i Oslo då Det Norske Teatret opna hausten 1913, er godt dokumentert. Det er også utkastinga av riksmålsungdom frå premieren på Peer Gynt

ved same teateret i 1948. Utanom dette har ein hatt anekdoten om ei bortkomen avisoverskrift frå 1930-åra: Målmann nær slått i hel i Etnedalen.

No er avisoppslaget funne, om eit av mange slagsmål i Steinset-bygda sommaren 1932. Ein ung, kjekk gut, så seier sogar, fråhaldsmann og målmann, var blitt overfallen og skamfaren. «Begge parter fikk sig adskillig knubbs, og til slutt blev 'målmannen' kastet utfor en høi skråning», fortalde lensmann Thurstad. Han stadfesta at det var blitt fekta med kniv, men den blei ikkje brukt. «Det er vanskelig å få tak på folk deroppe», sa lensmannen, som sleit med heimebrenning og ein rampegjeng som gjerne også fremja riksmålet med hard hand.

Lyden av singlande glas i Bergen var meir av det som ein var van med. «Man tar det hele med godt humør, og takker for reklamen», sa Gula Tidend den kvelden. Den språk- og minnepolitiske strategien for prinsippet makt formulerte institusjonsbyggjaren og forfattaren Sigmund Skard vilkårslaust i 1955: «Vi skal turka klysene av oss og gå vidare med målarbeidet denne gongen au.» Ugjeringane blei møtte med gjerningsord.

Nynorskbrukarane og deira allierte påverka den folkestyrte staten ovanfrå og nedanfrå. Rammene blei fastsette sentralt, innhald og praksis forma lokalt. Lokale, folkestyrte organ skulle ta stilling til språkspørsmålet etter fastsette prosedyrar. Alt som handla om språkleg jamstilling, kunne ikkje skyvast bort og inn til hovudstaden. Det skulle løysast på staden der og då, her og no. Det var jamvel lokale organ som skulle bestemme korleis staten skulle agere språkleg overfor lokalsamfunna. Noka reell jamstilling blei det aldri, men der var ei reell lokal makt. Ei tilsvarande lokal makt fanst ikkje i nokon del av den samiske eller kvenske kvardagen før 1980-åra. Dette sādde tvil om den norske statens språk- og kulturpolitiske legitimitet.

Når dei økonomiske eller etniske motsetnadene blir uforsonlege eller den språkleg-kulturelle avmakta for stor, kan prinsippet makt bli pressa til sides av anna framferd. Separatisme og terrorisme er to slike løysingar, den eine innanfor spelereglar ein er samde om, den andre utanfor alt. I Noreg var der alt frå slutten av 1800-talet ei rørsle sørover og vestover mot Vestlandet, som med tida blei det

nasjonale tyngdepunktet for nynorskbrukarane. Samstundes voks den lokale makta over eige språk. Eg trur det tørka inn kvar ein kime til tankar om separatisme. Den norske språkstriden delte aldri staten Noreg, men styrkte nasjonen og den førestilte fellesskapen. Innanfor ramma av ein sterk stat har Noreg utvikla seg til ein nasjon med fleire sentrum.

NYNORSK KULTURSENTRUM BLEI STIFTA laurdag 30. august 1993. Kor lenge er 25 år? Noreg var på veg inn i ein ny strid om medlemskap i EU, Europarådet hadde nettopp vedteke Den europeiske pakta for regions- og minoritetsspråk, det var enno tre år til 140 representantar for organisasjonar og forskarmiljø vedtek Barcelona-erklæringa om språklege rettar, Aasen-tunet var ein idé som var blitt ein plan og ikkje noko meir enn det, Jon Fosse hadde skrive sitt første skodespel, TV 2 var inne i det første driftsåret, museet for portugisisk språk var under bygging i São Paulo, Dag og Tid melde at mange nynorske bastionar hadde forsvunne, og viste til at det nye Ivar Aasen-senteret skulle bli eit kultur- og forskingssenter, Summer Institute of Linguistics i USA hadde enno 500 språk å finne verda rundt som berre språkbrukarane sjølve visste om, i Vanylven var 12 år gamle Maria Parr i gang med å dikte historier, i Mo i Rana sat over hundre menneske og skreiv inn det som til saman var meir enn tre millionar ordsetlar i Norsk Ordbok, Seinfeld var inne i sesong fire, noko som heitte World Wide Net blei offentleg tilgjengeleg, og Televerket publiserte det som kan vere den første teksten på nynorsk på Internett, men enno sa ingen «lik og del».

Det er ikkje innlysande at institusjonar endrar samfunnsutviklinga. At noko endrar seg i negativ lei, er likevel ikkje eit uttrykk for at dei har spelt fallitt heller. Då ideen om Aasen-tunet blei forma hausten 1990, gjekk om lag 85 000 barn i den norske grunnskulen med nynorsk som opplæringspråk. Det var 17 prosent av alle elevane i grunnskulen. Våren 2018 hadde vel 76 000 barn nynorsk som førstespråk. Dei utgjorde 12 prosent. I absolutte tal var dei nesten like mange, i relative tal var dei 30

prosent færre. Slik eller sånn, færre nordmenn hadde nynorskbakgrunn i 2012 enn ein generasjon tidlegare.

Det kan hende at endringane ville ha vore større utan dei mange nynorskinstitusjonane som kom til i 1990-åra og utover på 2000-talet. Heller ikkje er det sikkert at resten av språkbiletet ville ha endra seg så lite som det gjorde i det tidsrommet. Å gripe det som går bra, er like viktig som å begripe det som går dårleg.

Når endringar skal skapast og fellesskap formast, kjem ein til kort om språket går ein hus forbi. Det institusjonar kanskje har mest av, er definisjonsmakt. Den har Nynorsk kultursentrum brukt til å endre dei kategoriane som var gjengs før 1990-åra. Eit nytt språk om språk i Noreg måtte til.

Vi har snakka svært lite om rettskriving og svært mykje om skriftkultur. Heller enn å snakke om språket nynorsken har vi vore opptekne av nynorskbrukarane. Vi har gått frå å omtale nynorsk som ei målform til å forstå nynorsk som eit språk. Vi har gjort nynorsk skriftkultur til ein av dei best dokumenterte i verda, og vi har definert skriftkultur på ny. I staden for å snakke om norsk som eit lite språksamfunn har vi vist til internasjonal forskning der dei to norske skriftspråka er blant dei hundre mest vitale i verda. Ved å utvide perspektivet frå målform til språk, frå språk til skriftkultur, frå språk til språkbrukar har vi prøvd å utvikle eit nytt språk om nynorsk bortanfor det hermetiserande stammespråket. No seier vi at språk er ein av dei viktigaste infrastrukturane i eit samfunn.

Alt dette opnar nye utveggar til framtida. Røynsle med løysing av kulturelle konflikhtar utan vald femner om meir enn erfaring frå hendingar. Det handlar også om kategoriar og omgrep. Difor er det ikkje likegyldig korleis eit kulturelt emne blir omtala heller. Å snakke om hovudmål og sidemål peikar i ei anna lei enn omgrep som første- og andrespråk. At eit språk er eit språk og ikkje ei målform, blir til eit spørsmål om noko meir enn ord.

Nynorsk er eit stort språk i verda, men eit mindre brukt språk i Noreg. Den utsegna i den første årstalen om nynorsk skriftkultur inneber at nynorskbrukarane er

eit av dei største mindretala i dette landet. Ei slik erkjenning opnar nye inngangar til språk- og litteraturpolitikk, og nye utveggar må finnast.

VILJEN TIL SPRÅK har også vore evna til makt. Den som vil endre verda, må bruke makt. Den som vil gjere det på demokratisk vis, følgjer prinsippet makt. Makta over framtida er ikkje der den brukte å vere. Den lokalmakta som nynorskbrukarane og deira allierte vann fram med frå 1890-åra av, er i ferd med å utspele si rolle.

Rammevilkåra for bruk av nynorsk i framtida er meir eit spørsmål om demografi enn om demokrati. Dei lokale folkerøystingane er synlege arenaer, men har no lite å seie. Større regionar får frå 2020 meir kulturpolitisk makt og kan påverke utviklinga meir enn før.

I den eittspråklege staten trengst knapt nokon språklege rettar for innbyggjarane. I verste fall handlar det om ei plikt til å bruke det statsberande språket. Slik er det ikkje i den fleirspråklege staten. Der må slike rettar regulerast for at individ og fellesskap skal leve med det språket dei vil. Difor er språklege rettar ein nødvendig føresetnad om ein vil fremje språkleg mangfald.

«Det er fanatisme som regjerer landet», ropte talaren i Bergen. Arbeidet for riksmål gjekk hand i hand med ei høgreliberalistisk avvising av statleg, folkevald makt. Med det 20. hundreåret tagna dei særnorske ropa om fri språkutvikling. Når språkutvikling blir diskutert no, er ikkje spørsmålet om staten bør gjere noko, men kva staten skal gjere. Den nynorske forståinga av språkpolitikk er no den som gjeld.

Miljøa av nynorskbrukarar har søkt makt frå første stund, frå dei første uformelle nettverka i 1860-åra til institusjonaliseringa inn i det 21. hundreåret. Den makta er avhengig av kva legitimitet andre gir oss. Den legitimiteten må først og fremst kome frå miljø av bokmålsbrukarar. Frå første stund har alltid mange fleire enn nynorskbrukarane røysta for alle store endringar som har vore med og bygd ein nynorsk skriftkultur. Utan bokmålsbrukarar var lite vunne for nynorskbrukarane.

Språket er livlina vår til fortida. Språk er også nøkkelen til å forstå det kulturelle mangfaldet i verda. Det handlar om å forstå dei som snakkar annleis, sa

den norsk-amerikanske språkforskaren Einar Haugen. Då er det å velje vekk eller setje til sides nynorsk å redusere sjansen til å forstå. Dei kulturelle avstandane auka i Noreg, og nye språklege klasseskilje har oppstått. Nynorskbrukarane handterer ofte også bokmål. Bokmålsbrukarane handterer som regel ikkje nynorsk. Innvandra nordmenn lærer førebels unntaksvis nynorsk.

Dilemmaet for bokmålsbrukarane er hegemoniets usjarmerande framferd. Bokmålsbrukarar flest har hatt lettare for å godta andre språk enn nynorsk. Ein del bokmålsbrukarar flyttar til nynorskland og oppfører seg der slik nordmenn frå innlandet stundom gjer der dei buset seg i utlandet. Dei tek fleirtalstenkinga med seg sjølv om dei er i mindretal, og tvingar fram endring. Enno manglar analysen som kan forklare kvifor hegemoniet er så intolerant, og dei undertrykkingsmekanismane som ligg i det språkleg-kulturelle hegemoniet.

Å vite er å forstå kva ein ikkje veit.

Å handle er å gjere noko med det ein veit.

Den europeiske unionen blei bygd ut med ein grunntanke om ein formelt fleirspråkleg fellesskap. Med Storbritannia ute av unionen endrar den språklege balansen seg i det største offentlege forvaltningssystemet i verda. EU må vere ein av dei aller største tekstprodusentane, og det på mange språk. Maskinomsetjing blir ein nødvendig føresetnad for språkrettane i denne fleirspråklege fellesskapen. Det inneber også talesyntese og talegjenkjenning. Store reformer må til for at dei mindre brukte språka blir integrerte i ei digital verd av språkleg mangfald.

Noreg har vore utvikla med ein sterk stat og stor oppslutning om offentlege løysingar. Nynorsk skriftkultur blei bygd opp nedanfrå, men blei tidleg avhengig av offentlig forvaltning. Folkevald makt har skapt utviklinga av nynorsk, medan marknadsøkonomien har hatt mest å seie for bokmål. Det nynorske skriftspråket blei etablert i eit samfunn som i meir enn hundre år forstod seg som eit eittspråkleg samfunn med eit samisk problem. Det fleirspråklege samfunnet må bli ein fordel også for nynorskbrukarane.

Lokale, demokratiske avgjerder har vore ein nødvendig føresetnad for utviklinga av ein nynorsk skriftkultur. I det 21. hundreåret er særleg lokale folkerøystingar i ferd med å utspele si rolle. Det betyr ikkje at dei kan fjernast, men at det trengst nye institusjonelle ordningar som er funderte på prinsippet makt.

Gjennom lover og reglar og sedvane er nynorsk og bokmål to demokratisk styrte språk i Noreg. La dei bli verande det.

DETTE HAR VORE EIT FORSØK på å forstå korleis framtida tek til for nynorskbrukarane. Eit språk er slik at vi alltid kan seie noko anna enn det som er sagt til no. Eit språk har ord for alle erfaringar. Den finske forfattaren Antti Tuuri har sagt det slik: Eg kan seie alt eg vil på mitt eige språk, men berre det eg kan på eit anna språk. Språket er større enn summen av alle brukarane.

Gjennom språket vårt hugsar vi andre ting enn dei som bruker andre språk. Ein gong måtte mangt formast på vers så det kunne hugsast. Makta i språket er å gi liv til ei verd ein elles ikkje ville vite noko om. Utan skriftkultur ville vi visst endelaust mykje mindre enn vi no gjer. Skriften har teke vare på kunnskap vi elles hadde mista, og gitt oss kunnskap i fleire former.

Det mennesket finst ikkje som nokon gong blir utlært i sitt eige språk. Di meir språk vi forstår, di meir kan vi oppdage av vårt eige. Den tenkinga om verda som vår tids kultur er blitt utvikla frå, blei forma på mange språk. Fleire språk kan gjere verda meir innfløkt og lettare å gripe. Som alle andre språk er både bokmål og nynorsk meir enn eit språk og meir enn eitt språk. Dei ber i seg mange tankar som er like, og mange som er ulike. Med fleire språk kan vi få fleire tankar, nyansar, fargar.

Språk tek tid. Nokre vakre linjer om dette skreiv den engelske språkforskaren, språkdiktaren og diktaren J.R.R. Tolkien i *To tårn* i 1954. Som kjent er entar i hans univers besjela, levande tre som kan gå. Dei vaktar over all skog i Midgard, er svært sterke og tenkjer veldig seint. Ein dag utanfor tida seier enten Treskjegg om språket sitt: Gamalentsk «er et nydelig språk, men det tar svært lang tid å si noe på det, for

vi sier ikke noe på det språket om det ikke er verdt å bruke lang tid på, både å si og høre.»

Reiseskrivebordet etter Aasmund Olavsson Vinje finst, men det er tomt. Olav H. Hauge rota vekk Parker-pennen sin og fann den aldri att. I Ivar Aasen-tunet stig nye gjester inn i lyset frå Sverre Fehns manuskript. Berre dei som ser godt etter, legg merke til den eineståande gjenstanden i nynorsk kulturhistorie. På skrivebordet til Ivar Aasen ligg den bunken med kladdepapir han ikkje rakk å bruke. Kva var det han skulle skrive? Kva er enno ugjort? Kladdepapiret trygt plassert mellom glas og stål, eik og betong, er sjølve Utopien og fortel historia om alt det som enno kan skapast og tenkjast og seiast og skrivast.

ETTERPÅ KAN INGEN SEIE for sikkert kven som skreiv ordet først, kven som makta å definere ordet *prinsipp*.

Makta kjem i mange former, i strukturar, institusjonar, fellesskapar, enkeltpersonar. I ein fellesskap er det mange som har rett, men ein fellesskap er noko anna enn eit fleirtal. Den som er i fleirtal, blir gjerne blind for eiga makt og stiller sjeldan spørsmål om sin eigen posisjon. Prinsippet makt opnar utveggar også for dei som er i mindretal, ikkje i kraft av meining, men gjennom å leve i mindretal. Den som aldri har vore utanfor, forstår ikkje utan vidare kva det vil seie å kome innanfor.

Språket ligg under det heile, slik det er i kvart eit dikt og kvar ei prosaisk linje. Skriftspråket sit i fingrane og er blitt den viktigaste infrastrukturen i samfunnet. Aldri har barn og unge i Noreg skrive meir enn dei gjer no, og dei skriv helst til andre, og dei byggjer fellesskap. Gjennom språk blir fellesskap til, og den som er glad i sitt eige språk, har aldri nokon grunn til å trakke på språket til andre – anten det er dialekt, nynorsk, bokmål eller eit anna morsmål.

Når prosenttala minkar, aukar behovet for at fleire tek ordet og tek prinsippet makt i bruk. Nynorskbrukarane må stole på seg sjølve, men treng den legitimiteten eit fleirtal kan gi. Den som vil verne sitt språk, treng støtte frå andre. Den som vil dikte ei anna verd, kjem lenger når andre skriv om røynda. Den som vil lese, må gi

andre rom til å skrive. I dette ligg også minnet om dei millionane som har skrive eller lese nynorsk etter han som skreiv dei første orda. Alt dette er vår moderne, uendelege historie om viljen til makt over minne, språk, skrift.